


Utviklingsplan 2025-2026

Frøyland skule





Innhald

Innleiing.....	3
Overordna mål.....	3
Sektormål for grunnopplæringa	3
Overordna del av læreplanen	3
Kommunale strategiar og planar	4
Utviklingsområde 2024-2025.....	5
Vurdering av utviklingsområda inneverande år.....	5
Utviklingsområde 2025-2026.....	6
Utviklingsmål og tiltak 2025-2026	7

Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda knytt til læringsmiljø og læringsresultat sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringsa

Kommunale strategiar og planar

I «[Strategiplan Oppvekst 2023-2029](#)» er følgjande fem satsingsområde del av å definera retning mot felles mål i Oppvekst:

1. Trygge foreldre
2. Samhandling for førebygging og tidleg innsats
3. Inkluderande samfunn
4. Oppvekst og digitalisering
5. Rekruttera og behalda

I [Kvalitetsmelding for Timeskulen 2025](#) er det sett følgande målsettingar ut frå satsingsområda i Strategiplan Oppvekst 2023-2029 som skulane skal jobba mot:

Læringsresultat:

Satsingsområde 2 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Samhandling for førebygging og tidleg innsats der målet er at; Alle elevane i Time begynner i vidaregåande opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule.

- Resultata i rekning på 5. trinn skal vera på nasjonalt nivå på alle skulane.
- Resultata i lesing skal vera på nasjonalt nivå på 8. trinn.
- Grunnskulepoenga til elevane i Time skal ligga på regionalt nivå, med særleg fokus på tiltak som kan medverka at differansen mellom gutane og jentene sine resultat vert mindre.

Læringsmiljø

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn.

Mål 2 Alle barn og unge melder at dei vert sett, høyrte og inkludert.

- Skulane skal følgja opp tiltak og plan knytt til medverknad som er utarbeidd i elevrådet for ein framgang på 0,3 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn Mål 1 Trend viser at 9 av 10 fullfører vidaregåande opplæring i perioden

- Målet framover er at: 9 av 10 elevar frå Timeskulen skal gjennomføra vidaregåande opplæring

Auka handlingsrom i skulane

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn

Tiltak Alle tenestene i Oppvekst skal vera med å dreia ressursar frå individnivå til fellesskapet

- I 2025 skal skulane arbeida med tiltak knytt til faktorar som dei ser er med på å oppretthalda ein praksis der det stadig blir fleire individuelle vedtak. Delmål på vegen i 2026 er at talet på barn med vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring (§11-6) og personleg assistanse (§11-4) og omfang i timar er halvert i alle verksemdar.

«Laget rundt læraren og eleven» utarbeider årlege handlingsplanar (canvaser) som skal vera tett kopla til utviklingsplanen. Aktuelle tiltak som LLE skal gjennomføra, og bidra med i arbeid mot målsettingar knytt til læringsresultat og læringsmiljø skal skrivast inn i kolonna som har tittelen *Tiltak* i skjemaet for komande utviklingsområde.

Utviklingsområde 2024-2025

Følgande var utviklingsområde for Frøyland skule skuleåret 2024-2025 (henta frå tidl. plan):

- Lesing og skriving
- Elevmedverknad

Vurdering av utviklingsområda inneverande år

Vi har gode og stabile resultat i lesing. Gode rutinar og strukturar må skriftleggjerast i skulen sine kvalitetsdokument. Me vil jobba vidare med skriving som grunnleggjande ferdigheit. Me ser at det er behov for å heva nivået i elevgruppa. Me vil etablera god felles praksis og forventingsavklaringar på alle trinn.

Det har vore fokus på elevmedverknad over tid. Resultata våre varierer noko frå år til år og mellom trinna. Me ligg om lag på nasjonalt gjennomsnitt. Me ser at me på indikatorar knytt til elevmedverknad i vurderingsarbeidet er under gjennomsnitt for Time og nasjonalt. Me vel å jobba med elevmedverkand gjennom fokus på vurderingspraksis.

Utviklingsområde 2025-2026

I lys av målsettingane som er sett i Strategiplan for oppvekst, Kvalitetsmelding for Timeskulen, eige analysearbeid og kunnskapsgrunnlag, har Frøyland skule valt følgjande satsingsområde for skuleåret 2025-2026:

Læringsmiljø:

1. Vurderingspraksis: Elevane skal vera med å vurdera eige arbeid og elevane skal vera med å påverka kva ein skal legge vekt på i vurderinga.

Me tar utgangspunkt i desse spørsmåla frå elevundersøkinga:

- Kor ofte får du tilbakemelding frå lærar som du kan bruke til å bli betre i faga?
- Får du vera med å foreslå kva ein skal leggja vekt på når arbeidet ditt skal vurderast?
- Får du vera med å vurdera arbeidet ditt?

Målet er at me skal ha ein gjennomsnittleg skår på 3,4.

Læringsresultat:

2. **Frå individ til fellesskap:** Inkluderande og praktisk undervisning.
Både nasjonalt og lokalt er det fokus på at fleire elevar skal vera inkludert og få si opplæring i klassefellesskapen. Dette krev at den ordinære opplæringa må vera godt tilpassa elevgruppa sine behov. Ein ser og at mange barn har god nytte av ei praktisk undervisning. På Frøyland skule får ca. 5% av elevane individuelt tilrettelagt opplæring. Målet vårt er at dette talet skal vera 4% for skuleåret 2026-2027. Detter er i tråd med forventingar ut frå ei normalfordeling. Jf. T. Nordahl.
3. Grunnleggande ferdigheiter i skriving: På grunnlag av interne vurderingar av elevane sine skriveferdigheiter har me valt å vidareføre dette satsingsområde. Skriving er ein grunnleggande ferdigheit som har innverknad på mange fag og elevane sitt vidare utdanningsløp. Me har starta eit arbeid som me vil gjera ferdig med mål om å sikra elevane våre gode grunnleggande skriveferdigheiter i alle fag.

Utviklingsmål og tiltak 2025-2026

Grønne kolonnar: Måla skal koma til uttrykk i kva elevane skal oppnå

Kvite kolonnar: Tiltak skal omhandla kva skulen og lærarane skal gjera for at elevane skal nå måla

Mål for læringsmiljø og læringsresultat som er SMART- spesifikke, målbare, oppnåelege, relevante og tidsavgrensa

Læringsresultat: Frå individ til fellesskap - inkludering og praktisk undervisning og grunnleggende ferdigheiter i skriving

Læringsmiljø: Vurderingspraksis- elevmedverknad i vurderingsarbeidet

Læringsmiljø: Vurderingspraksis				
Effektmål	Resultatmål	Delmål	Tiltak	Evaluerings/stopp punkt
Kva vil dette føra til på lengre sikt?	Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Kva konkrete mål på vegen og kva tid ein skal nå desse og evaluerast? (SMARTE-mål)	Kva skal lærarane og/eller LLE setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Kva tid og korleis?
<i>Elevane ved Frøyland skule skal utvikla medvit om eigne læringsprosessar og korleis dei kan utvikla seg vidare, jf. Overordna del i LK 2020 2.4</i>	<i>Elevane ved Frøyland skule melder tilbake at dei er aktive i vurdering av eige arbeid og har medverknad i vurderingsprosessane. Resultat på elevundersøkinga er på landsgjennomsnitt eller betre</i>	Elevundersøkinga viser at elevane våre får vera med å vurdere eige arbeid. Framgang 0,3 (Skår 3,4)	-Elevane lager eigenvurdering halvårleg i forkant av elev-/utviklingssamtalar. (5.-7.tr) -Elevane vurderer eige arbeid etter kriterie kvar veke. Trinnet planlegg kva fag. -Trinnet vel ut involverande metodar som testast ut periodar. Elevane får vera med å vurdere metoden. (1) -Elevar på 4.-7.trinn har medverknad i vurdering som	Veke 42 Spørjing i elevgruppa-forms/ klassetrivsel. (Spørsmål frå elevundersøkinga.) Veke 50 Ny spørjing - same spørsmål. Forslag til justering av praksis Spørjing i veke 13

			tema på klassemøte. Jf. Elevråd. -Kvart trinn vel 2-3 vurderingsmetoder ein øver på. (VØL, 2 stars and a wish, sett ring rundt finaste bokstav....)	Ha et punkt på trivselsundersøkinga om vurdering. Samtale med elevane om vurdering og fagleg utvikling i desember og vår.
			Elevundersøkinga viser at elevane våre får vera med å påverka kva som skal leggst vekt på i vurderinga Framgang 0,3 -Elevane deltar i arbeidet med å lage vurderingsskjemaet til halvårsvurdering. -Elevane er med å bestemmer kva ein skal vurdere i forkant av tekstarbeid og prosjektarbeid og liknande -Elevane får være med å lage kriterie.	
			Kompetansepakke frå Udir Heimesida til Udir (1) Litteratur (2 og 3)	


Læringsresultat Frå individ til fellesskap - inkludering og praktisk undervisning

<i>Elevane våre skal bevare lærelyst og oppleve skaparglede, engasjement og utforskartrong.</i> (LK 2020) Elevane opplever at opplæringa er tilrettelagt, variert, praktisk og inkluderande.	Tilrettelegging og inkludering Gruppa med elevar med behov for individuelt tilrettelagt opplæring (ITO/PA) utgjør mindre enn 4 % av elevane på skulen innan skuleåret 2026-2027.	Elevar som har vanlege vanskar som dysleksi, språkvanskar, ADHD får god støtte og tilrettelegging i skulekvardagen. (målbart)	Utarbeide retningslinjer for god felles praksis for TPO. Utprøving av ulike metodar og organisering Felles praksis: Dagsplan i alle klasserom, Frøyland skule har tydelege rutinar og rammer, visuell støtte i klasserommet. Etablere rutinar for godt samarbeid mellom vaksne (de som har oppfølging) og skoleheim.	Systematikk, evaluering haust/vår. Samtale med elever på elevsamtale korleis dei synes tiltak fungerer.
		Elevar som er i risiko for å sakke etter i utvikling av grunnleggande ferdigheiter får raskt hjelp og tilbod om intensivkurs, innan 5 veker.	-Utvikle system for tidleg avdekking - Utvikle system for (intensiv)kurs i lesing og rekning alle trinn	Oktober: Kartlegge trinnet m.t.p. kven er kurskandidatar Deltaking og gjennomføring av kurs. Måling av fagleg framgang for elevar i relevant kartleggingsverktøy. Mars: Oppdater liste frå oktober

			-Alle lærarar skal prøve ut nye formar for praktisk undervising	-Aktivitetsveke med aldersblanding og tverrfagleg innhald -Opne oppgåver i alle fag -Prøv ut praktiske matematikkoppgåver frå nettverk -Vel metode og lage praktisk opplegg i ei Pu-tid. Erfaringsdeling etterpå. -Deling i profesjons-felleskapet: lagra i ein felles "bank"	Elevspørjing i desember Same spørjing i mars.
--	--	--	--	--	---

Læringsresultat - grunnleggande ferdigheiter i skriving

Elevane frå Frøyland skule har gode grunnleggande ferdigheiter i lesing, skriving, rekning og digitalt. Dei ligg på regionalt nivå for grunnskulepoeng. Gjennomføring av vidaregåande utdanning er 90%.	Elevane skal auka skrivekompetansen slik at dei kan meistra skriving som grunnleggande ferdigheit i alle fag, og utvikle skrivestrategiar knytt til ulike fag. Skuleåret 25-26	Elevane på 1.- 7 trinn skal meistre skrivestrategiar ut frå skjema for skrivekompetanse for Frøyland skule.	-Planane blir revidert, utbetra og fullført. -Trinna jobber plan som ligger på Teams, deling i PU-tid. -Tekstarbeid kvar veke	Kartleggaren Stopp-punkt kvar 2. månad Faglærar/kontaktlærar sjekkar måloppnåing jf. plan.
		Elevane opplever framgang i eigne skriveferdigheiter og set mål for utviklinga si.	Handskrift Tastatur Skriving som eige punkt i elevsamtalar Bruke Kartleggaren aktivt på 5-7 trinn Elevane øver på touch-metoden	Lag tekstmappe: Tekstdøme i veke 44- 3- 13. Stopp-punkt for tastatur/touch kvar månad
		Skriving i alle fag Lage tekst ut frå gitte kriterie	-Tekstarbeid kvar veke Lage kriterieliste, elevane vel nokre av dei.	Evaluerings etter kvart arbeid



Kilder:

- 1) [Involver elever og lærlinger i vurderingsarbeidet | udir.no](https://udir.no)
- 2) Litteratur: God undervisningsplanlegging
- 3) Vurdering
- 4) [Skriving som grunnleggende ferdighet | Språkløyper](#)
- 5) [Skriving som grunnleggende ferdighet - Skrivesenteret](#)